



Namn på verksemd: Nynorsk kultursentrum

Om institusjonen

Namn NYNORSK KULTURSENTRUM
Organisasjonsnummer 976013263
Telefonnummer 70047570
E-post post@nynorsk.no
Bankkontonummer 39914021530

Besøksadresse

Adresse Indrehovdevegen 176
Postnummer 6160
Poststad HOVDEBYGDA

Postadresse

Adresse
Postnummer
Poststad

Kontaktperson

Fornamn Per Magnus F.
Etternamn Sandsmark
Telefonnummer 90812196
E-post per.magnus.f.sandsmark@nynorsk.no

Oppsummering og kontroll

Oppsummering av søknadsbeløp	Budsjett 2019	Revidert rekneskap 2019	Budsjett 2020	Søknads- budsjett 2021
Kulturdepartementet	20 500	20 500	22 450	28 550
Sum nye tiltak				6 100

Oppsummering av søknad

Totale egeninntekter	5 038	4 050	8 022	5 100
Ord. offentlig driftstilskot	24 121	24 164	28 023	33 203
Anna offentlig driftstilskot	3 574	2 660	2 358	2 000
Totale driftsinntekter	32 733	30 874	38 403	40 303
Totale driftskostnader	32 286	29 266	37 628	40 303
Driftsresultat	447	1 608	775	0
Årsresultat	537	1 683	835	55

	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019
Sum egenkapital	4 426	4 601	7 056

Eg stadfestar at tala er korrekte



Rapport - Økonomisk utvikling

Arkivert: 28-02-2020 11:23:19 AR362508441

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til likviditet

Nynorsk kultursentrum har god likviditetsstyring. Stiftinga har ingen langsiktige gjeldsforpliktingar og kontrollen over kontantstraumen gjer at NK til ein kvar tid kan halde dei økonomiske forpliktingane våre. Større investeringar blir planlagt i tråd med likviditeten.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigeninntekter

Billettinntektene har auka ved festivalane, men er noko reduserte for ordinær museumsdrift. Arenaene samarbeider med lokale reisemålsaktørar for å auke besøket i sommarsesongane. Vi nyttar erfaringane frå Poesifestivalen og Litteraturdagane som har større eigeninntekter enn Dei nynorske festspela til å auke eigeninntektene meir også her. Sjølv om inntektene frå kafé og butikk er lågare enn i 2020 er kostnadene reduserte meir. Betre kostnadskontroll av personalressursar og innkjøp gjer at vi nyttar meir ressursar på kulturfagleg innhald og sit igjen med meir pengar. Gåveforsterkingsordninga har gjort det enklare å få tak i gåveinntekter. Samstundes er ikkje næringslivet tilbake på nivået før finanskrisa når det gjeld sponsor/gåver og utleige.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til kostnader knytt til løn og pensjon

Lønsveksten er noko høgare enn for offentleg sektor, museumsbransjen og landssnittet. Dette kjem av auka utdanningsnivå, konkurranse med kommunal og privat sektor om arbeidstakarar (særleg høvesvis lektorar og kommunikasjon/økonomi) og eit lokalt lønssystem med svært lang ansiennitetsstige for alle tilsette. Auken i 2019 for faste stillingar var på 4,4 prosent frå 1.5.2020 til 1.5.2021 (då er nye stillingar halde utanom). Styret og direktøren har teke initiativ til reforhandling av lønssystemet for å redusere den økonomiske risikoen med kraftig lønsauke noko.

Pensjonskostnadene er låge og stabile. Budsjetta blir justerte i tråd med premieprognose frå Statens pensjonskasse.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til eigenkapital

Styret har over tid hatt mål om å byggje denne opp til 15,0 prosent av dei årlege driftskostnadene. Det er no nådd, og det er planar om å halde på dette tilhøvet. Det sikrar likviditet, finansinntekter og høve til å ta større utføresette vedlikehaldskostnader.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til andre sentrale problemstillingar

Det er ei utfordring over tid at korkje staten eller dei andre offentlege tilskotsgivarane kompenserer fullt for løns- og prisvekst kvart år. Det gjer at stiftinga må effektivisere tilbodet i større grad. I første omgang er det gjort effektivisering av sals- og administrasjonskostnader for å styrkje det kulturfaglege tilbodet. Dei neste fem åra må også det kulturfaglege tilbodet bli redusert dersom dette held fram.

Vurdering av den økonomiske utviklinga med omsyn til tiltak for å sikre effektiv ressursutnytting

Nynorsk kultursentrum har behov for å effektivisere drifta ytterlegare. Gjennom 2019 og 2020 innfører stiftinga fleire digitale løysingar for å sikre større kontroll og få lågare driftskostnader på nokre område. Høge personalkostnader med lite kommersielle inntekter gjer at stiftinga legg om både kafé- og nettbutikkdrift frå 1.1.2020. Reinhalts-, straum-, ikt- og rekneskapsavtalar er reforhandla med lågare årlege driftskostnader frå 2019/2020.

I 2020 gjennomfører stiftinga ei større omorganisering av dei tilsette og av budsjettavdelingane for å nå dei samla måla for stiftinga. Det vil ha effekt frå 2021. Dette har i liten grad blitt gjort etter fleire

utvidingar av drifta frå 2011 til i dag.

Økonomi - Eigeninntekter

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2019	2019	2020	2021
Billettinntekter	1 180	1 148	1 690	1 300
Honorar	10	2	0	250
Inntekter frå butikk	1 560	1 108	1 280	1 200
Inntekter frå kafé	780	611	690	700
Inntekter frå andre varer	0	0		
Utleige av lokale	54	129	150	150
Andre tenester	0			
Sponsorinntekter	201	268	236	250
Gåver	953	446	980	900
Andre	300	338	2 996	350
Totalt	5 038	4 050	8 022	5 100

Budsjettpostane «Honorar», «Inntekter frå andre varer» og «Inntekter frå andre tenester» bør spesifiserast her.

RE2019: Sponsorinntekter frå Sparebanken Søre Sunnmøre og Sunnmørsposten. Gåver er tilskot frå Fritt Ord, Hardangerrådet IKS, Norsk forfattersentrum og diverse forlag.

Ulvik poesifestival blir berre arrangert i partalsår. Derfor er billettinntektene budsjetttert lågare i 2021 enn i 2020.

Økonomi - Offentleg tilskot

Ordinært offentlig driftstilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2019	2019	2020	2021
Kulturdepartementet	20 500	20 500	22 450	28 550
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	1 225	1 294	2 183	2 283
Kommune/kommunar	2 396	2 370	3 390	2 370
Anna				
Totalt	24 121	24 164	28 023	33 203

Spesifisering av anna offentlig ordinært driftstilskot

Rekneskapen er ført anleis pga. overføring av tilskot øyremerkt Vinjefondet i 2017, 2018 og 2019 til andre tiltak. Etter avtale med Kulturrådet fører vi likevel det løyvde tilskotet her. Derfor er det avvik mellom det rapporterte tilskotet og den reviderte rekneskapen.

Kommunane varierer mellom par- og oddetalsår pga. Ulvik poesifestival berre blir arrangert i partalsår.

Andre offentlege tilskot	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknadsbudsjett
	2019	2019	2020	2021
Kulturdepartementet	1 532	326		
Fylkeskommune/ fylkeskommunar	75	30		
Kommune/kommunar	600			
Den kulturelle skolesekken	837	1 108	1 657	2 000
Anna	530	1 196	701	
Totalt	3 574	2 660	2 358	2 000

Spesifisering av andre offentlege tilskot

Gåveforsterking, midlar frå Utdanningsdirektoratet, midlar frå Nasjonalbiblioteket til arrangement i Bokåret 2019

Totale driftsinntekter	32 733	30 874	38 403	40 303
-------------------------------	--------	--------	--------	--------

Økonomi - Driftskostnader

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2019	2019	2020	2021
Utgifter til butikk	1 000	800	647	600
Utgifter til kafé	300	228	240	200
Andre varer og tenester	4 182	5 025	9 406	8 353
Lønnskostnader	16 533	16 510	18 275	21 000
Pensjonskostnader	851	878	1 012	1 300
Avskrivningar	694	707	697	850
Drift av lokale	1 322	958	1 050	1 200
Vedlikehold av lokale/bygg	300	251	370	400
Husleigekostnader	328	223	353	400
Andre driftskostnader	6 776	3 686	5 578	6 000
Totale driftsutgifter	32 286	29 266	37 628	40 303
Driftsresultat	447	1 608	775	0

Økonomi - Finanspostar og ekstraordinære postar

	Budsjett	Revidert rekneskap	Budsjett	Søknads- budsjett
	2019	2019	2020	2021
Finanspostar				
Finansinntekter	90	76	60	55
Finanskostnader		1	0	0
Resultat	90	75	60	55
Ekstraordinære postar				
Ekstraordinære inntekter				
Ekstraordinære kostnader				
Resultat		0		
Årsresultat	537	1 683	835	55

Økonomi - Balanse

Anleggsmidler	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019
Immaterielle egedelar			
Varige driftsmidler	3 681	4 288	3 749
Finansielle driftsmidler			
Sum anleggsmidler	3 681	4 288	3 749
Omlaupsmidler			
Varer	1 140	1 245	1 218
Krav	817	833	482
Finansielle investeringar			
Bankinnskott, kontantar o.l.	5 279	4 896	9 733
Sum omlaupsmidler	7 236	6 974	11 433
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	270	270	270
Opptent eigenkapital	4 156	4 331	6 786
Sum eigenkapital	4 426	4 601	7 056
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld	6 491	6 661	8 126
Sum gjeld	6 491	6 661	8 126
Summering			31.12.2019
Sum egedelar			15 182
Sum eigenkapital og gjeld			15 182

Eg stadfestar at rekneskapen er revidert



Kryss av her viss tiltaket er ei kommunal/ fylkeskommunal eining og ikkje utarbeider eigen balanse.



Kommentarar til rekneskap og balanse. Sjå hjelpetekst.

Det er i samråd med revisor gjort ei prinsippendring der avsettingar til vedlikehald og eigne investeringar er ført som eigenkapital i staden for som kortsiktig gjeld.

Rapport - Vurdering av måloppnåing

Rapportering av måloppnåing (oversyn)

Namn på mål

Andre mål: Ny direktør tek til

Forvalting: Jon Fosse-arkivet

Forvaltning: Sonestyrkt klimaanlegg i Olav H. Hauge-senteret

Formidling: Langtidsplan for musea som reisemål 2019-2022

Andre krav og føresetnader for statstilskotet i rapporteringsåret

Det øyremerkte tilskotet til Allkunne er nytta etter føremålet. Det øyremerkte tilskotet til Vinjefondet er etter avtale med KUD omidsponert til andre tiltak.

Publikumsutvikling: Nynorsk kultursentrum har frå 2000 gjennomført publikumsundersøkingar og bruker desse for publikumsutvikling. Det er sett i gang eit større arbeid for å kartleggje kven potensielle brukarar er, og kva dei treng frå Nynorsk kultursentrum ulike stader i landet. Det gjeld særleg nynorskbrukarar. Det er eit sjølvstendig poeng at tilbodet vårt i større grad svarer til behov og interesser hos målgruppene både nasjonalt og lokalt.

Immateriell kulturarv: Dialekt, munnlege forteljingar, stadnamn er ein del av formidlingsverksemda ved alle arenaene og på turné.

Universell utforming: Det er gratis inngang med følgjekort. Nettsidene følgjer retningslinjene for universell utforming. Stiftinga har eigne rutinar for universell utforming av tekstar. Basisutstillingane er tilgjengelege for rørslehemma.

Eventuelle andre kommentarar til årsrapporten

Samfunnsrolle: Visjonen til Nynorsk kultursentrum er språk, kultur og kunnskap til heile landet. Vi vil syne kva skrift tyder for menneska, gjennom både kunnskapsutviklinga og kulturformidlinga.

Med vandreutstillinga Bipersonar, om skeiv litteratur og journalistikk, opnar vi opp auga for ei blindsona i litteraturformidlinga i Noreg. Med dei mange arrangementa der vi presenterte ny kunnskap om nynorsk salmetradisjon synte vi at noko sjølvstendig for kyrkjelyden ikkje har vore det, og kva verdiar som låg bak både motstanden og utviklinga av eit nynorsk kyrkjespråk.

Nynorsk kultursentrum har både i formidling til publikum, gjennom kronikkar, nettsider og informasjons- og påverknadsarbeid synt korleis nynorsk skriftspråk og det skriftspråklege mangfaldet pregar mange lokalsamfunn, og kva kommune- og regionreforma kan ha å seie for denne delen av kulturarven."

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Andre mål

Tittel/omtale av mål

Ny direktør tek til

Omtale av venta resultat i høve til målet

I 2018 skal Nynorsk kultursentrum tilsetje direktør for andre gong. Første gongen var i 1998. Institusjonen er veldriven, og dei administrative systema er gode. Den fremste resultatindikatoren for 2018 er at vi får den rette og beste personen til stillinga, og at den nye daglege leiaren får eit samla grep om institusjonen snarast råd.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Dette er oppnådd. Den nye direktøren byrja 1. november 2018 og har nytta det første året til ein gjennomgåande strategiprosess der ny strategisk plan vart vedteke 6.12.2019. Vidare utgreiing om framtidig samarbeid og ny organisering av dei tilsette for å vere tilpassa ny strategi held fram i 2020. Samstundes med blei Bokåret 2019 brukt til å byggje nye aliansar og finne nye arbeidsmetodar for å nå ut med språk- og litteraturformidling.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Forvalting

Tittel/omtale av mål

Jon Fosse-arkivet

Omtale av venta resultat i høve til målet

Jon Fosse fyller 60 år hausten 2019 og blir ein hovudperson også litterært ved at utgivinga av det store verket Septologien tek til. Verket kjem ut på mange språk samstundes og aktualiserer behovet for å kome vidare med Fosse-arkivet. Gjennom kontakt med relevante aktørar som Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nasjonalbiblioteket i 2018 legg vi grunnlaget for neste steg i 2019. Vi reknar med at arbeidet utløyser søknader om midlar til drift frå 2020. Saka blir drøfta med Fosse i april 2018, og dette møtet legg grunnlaget for det vidare arbeidet med saka.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Då dette målet var sett hadde dåverande direktør tenkt å prioritere dette arbeidet i 2018. Det blei ikkje gjort. Nynorsk kultursentrum utarbeidde i 2019 eit framlegg til framdrift for dette arbeidet i lag med Jon Fosse sjølv og var i kontakt med fleire andre aktørar. Målet er ikkje lenger ei ny driftseining, men at ein nyttar etablerte strukturar til å ta vare på arkivmaterialet etter Fosse. Styret i Nynorsk kultursentrum har to gonger stadfesta denne nye retninga for prosjektet.

Det blir parallelt arbeidd med eit mogleg forskingsseminar om Jon Fosse og moglege formidlingstiltak i framtida. Dette blir ikkje eit eige formidlingstiltak, men ein del av drifta av dei eksisterande arenaene i Nynorsk kultursentrum.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Forvaltning

Tittel/omtale av mål

Sonestyrt klimaanlegg i Olav H. Hauge-senteret

Omtale av venta resultat i høve til målet

Gjennom samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad tek vi sikte på å kunne frigjere midlar som gjert det mogleg å finansiere eit sonestyrt klimaanlegg i Hauge-senteret. Etter full drift i fem år har dette behovet auka.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Hauge-senteret har målt temperatur og luftfuktigheit i aktuelle utstillings- og arkivrom gjennom alle årstider. Konklusjonen er at variasjonane ligg utanfor anbefalte verdiar for gjenstandsoppbevaring. Spesielt gjeld dette for romma som blir nytta til magasin og lager for samlingane. VVS-konsulent tilrår å installere automatisert sonedelingsanlegg i tillegg til iverksetting av utbetringstiltak i magasin/lager. I desember 2019 blei Olav H. Hauge-senteret tildelt museumsplanmidlar frå Hordaland fylkeskommune på 200 000 kr for denne investeringa. I rekneskapen for 2019 er det sett av 300 000 kr av overskotet til denne finansieringa.

Det manglar 320 000 kr for å fullfinansiere. Dette arbeider stiftinga med no. Det vil bli tatt initiativ overfor stiftarane, Ulvik herad og Vestland fylkeskommune (tidl. Hordaland), for å få ei vurdering om Olav H. Hauge-stiftinga kan bidra til fullfinansieringa.

Rapportering av måloppnåing

Hovedmål

Formidling

Tittel/omtale av mål

Langtidsplan for musea som reisemål 2019-2022

Omtale av venta resultat i høve til målet

I «Visjon og strategi 2018-2021» vedtok styret at ein første langtidsplan for musea som reisemål skal lagast i 2019. Målet er å auke eigeninntektene gjennom fleire gjester og hente ut meir av det potensialet avdelingane våre har som reisemål, ikkje minst med tanke på eigeninntekter.

Vurdering av eiga mål- og resultatoppnåing

Denne langtidsplanen er vedteke og er under oppfølging. Tiltak for å oppnå desse måla er meir aktiv digital marknadsføring inkludert sosiale medium, og utvikling av nye opplevingsprodukt i samarbeid med lokale reiselivsaktørar på Sunnmøre, i Hardanger og Telemark.

Søknad - Mål og prioriteringar

Måla for verksemda i søknadsåret (oversyn)

Målnummer	Tittel/omtale
4	Forvaltning: Munnlege minne om nynorsk språk og litteratur blir tekne vare på.
5	Forsking: Bidra til kunnskap om nynorsk språk og litteratur
3	Formidling: Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller vaksne i minst 100 kommunar
2	Formidling: Opne Vinje-senteret for dikting og journalistikk
1	Fornyng: Avklare framtidig samarbeid/ samanslåing

Strategiar og langsiktige planar for dei neste tre åra

Nynorsk kultursentrum vedtok 6. desember 2019 ny strategisk plan for å spreie språk, kultur og kunnskap til heile landet.

Visjon: Språk, kultur og kunnskap til heile landet. Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ein kulturinstitusjon som gjennom kulturformidling og kunnskapsutvikling arbeider for ein kulturell fellesskap i Noreg der det språklege mangfaldet er sjølvstøtt. Nynorsk kultursentrum er ei språkpolitisk kraft som arbeider for at nynorsk er sjølvstøtt når som helst og kor som helst. Stiftinga når mange ulike målgrupper i heile landet. Det blir gjort med utstillingar, arrangement og digitale tilbod. Alt stiftinga gjer, er forankra i kunnskap om målgruppene og nynorsk språk og litteratur.

Kunnskapsutvikling: Forsking, samling og dokumentasjon av nynorsk språk og litteratur ligg til grunn både for formidlinga og for politiske gjennomslag. Å auke forskingsproduksjonen og formidle denne kunnskapen vidare er førsteprioritet i denne strategiperioden. Gjennom forskning får vi ny og nødvendig innsikt om nynorsk språk og litteratur.

Kulturformidling: Nynorsk kultursentrum produserer kulturopplevingar med nynorsk språk og litteratur av høg kvalitet. Innhaldet skal vere engasjerande og påliteleg. Kulturformidlinga skal nå mange ulike målgrupper. Stiftinga skal arbeide for å auke tilbodet av nynorsk kulturtilbod, både i omfang og i sjangerbreidde, fysisk og digitalt. Folkebiblioteka er dei viktigaste formidlarane av språk og litteratur til å nå ulike målgrupper i alle lokalsamfunn. Alle norske skuleelevar skal ha tilgang på kunst- og kulturopplevingar på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken. Den digitale strategien er tredelt: Stiftinga skal produsere eige innhald, formidle og dele innhald frå andre og dele vårt innhald i andre digitale tenester om det er der ein når målgruppene. Nynorsk kultursentrum skal vere kjent med kva behov skulane og barnehagane har for nynorsk innhald, bidra til at desse behova blir dekte, og gjere tilbodet vårt kjent for lærarane.

Arenadrift: Kjernen i den lokale formidlinga og reisemålsutviklinga er basisutstillingane i Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og Vinje-senteret og dei tre festivalane Dei nynorske festspela, Ulvik poesifestival og Litteraturdagane i Vinje. Butikk og kafé er ein del av arenatilbodet. Frivillige skal oppleve meining, trygghet og ansvar når dei arbeider frivillig på arrangement, festivalar eller i museumsverksemda. I basisutstillingane kjem barn og ungdom under 18 år inn gratis.

Organisasjon: Stiftinga skal ha den fremste kompetansen på å formidle, forske og forvalte nynorsk skriftkultur og vere ein attraktiv arbeidsgivar for kultur- og driftsfaglege tilsette. Nynorsk kultursentrum skal vere effektivt organisert for å nå måla til stiftinga.

Kommunikasjon: Kommunikasjonen skal vere påliteleg, samlande og kreativ. Nynorsk kultursentrum skal i strategiperioden oppdatere den visuelle profilen til verksemda og bli betre kjend med fleire

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Forvaltning
Tittel/omtale av mål	Munnlege minne om nynorsk språk og litteratur blir tekne vare på.

Omtale av venta resultat i høve til målet

Det er utvikla mal- og avtaleverk for minneinnsamling som er prøvd ut i 2019, blir gjennomført i større grad i 2020. Hovudmålet er at munnlege minne frå sentrale aktørar for nynorsk skriftkultur på 1900-og 2000-talet skal bli samla inn, formidla og gjordetilgjengelege for forskning og formidling. Historia til Norsk Målungdom medvekt på dialekt, identitet og motkultur i urbane miljø er eit prioritert område, og det er inngått samarbeidsavtale med NMU om frivillig deltaking i dette prosjektet.

Frå 2021 er også målet at alle høve til å fortelje Nynorsk kultursentrum om sine egne erfaringar med nynorsk språk og litteratur gjennom digitale video-og lydopptak ulike stader i landet.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Forskning
Tittel/omtale av mål	Bidra til kunnskap om nynorsk språk og litteratur

Omtale av venta resultat i høve til målet

Stiftinga skal i 2021 publisere minst ein artikkel i forskingsprosjektet "Fogderifylket Møre og Romsdal". Det skal bli gjennomført eit forskingsseminar i Vinje eller Ørsta om nynorsk journalistikk etter modell frå forskargruppa for poetisk tenking i Ulvik.

Det er også eit mål at det blir publisert minst to fagfelleverderte artiklar i 2021.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Formidling
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Arrangement eller utstilling om nynorsk skriftkultur for barn eller voksne i minst 100 kommunar
----------------------	---

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum klarte 78 kommunar i 2019, har mål om 75 (det har jo blitt færre) i 2020 og 100 i 2021. Målet er at folkebibliotek (og andre relevante arenaer) kan abonnere på utstillingar frå oss og at stiftinga produserer fleire utstillingar som målgruppene og tilbydarane er interesserte i. Det er nynorske skulekrinsar i om lag 120 kommunar. Målet over tid er at NK skal vere synlege i alle desse kommunane i tillegg til dei store byane kvart år.

Nynorsk kultursentrum treng å arbeide meir medvite over tid med relevans, representativitet og medskaping i formidlinga.

Ei gruppe som stiftinga særleg skal arbeide meir med og for er gutar på yrkesfag i nynorskområde. Statistisk sett er det desse som i minst grad byter frå nynorsk til bokmål i løpet av opplæringsløpet. Samstundes har NK og andre aktørar få tiltak som treff denne målgruppa med nynorsk språk og litteratur.

Ei anna målgruppe er kulturinteresserte i byane. Nynorsk kultursentrum vil arbeide i lag med nokre folkebibliotek for å finne ut kva for tilbod som kan gi auka forståing for og glede av nynorsk i desse områda.

Den tredje er innvandrarar med nynorskopplæring. Desse har svært lite tilbod om lettlesn og relevant litteratur og kultur for seg. Dei er også lite nytta som kulturell ressurs.

Mål for søknadsåret

Hovedmål	Formidling
----------	------------

Tittel/omtale av mål	Opne Vinje-senteret for diktning og journalistikk
----------------------	---

Omtale av venta resultat i høve til målet

Basisutstillinga "Forteljingar og forteljarar" om diktning og journalistikk skal opne i september 2021. Målet er at utstillinga set nasjonal dagsorden, og at temaa som blir tematiserte der blir ein del av kultur- og samfunnsdebatten.

Parallelt med dette har vi premiere på DKS-turneen "Skit eller kanel" og digitale formidlingsopplegg om journalistikk.

Hovudtemaa for formidlingstilbodet er:

- Same reiskapen. Ulike blikk på verda. Om korleis orda dokumenterer, formar og endrar samfunnet.
- Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas
- Motiv i norsk diktning: endring, innsirking, vandring
- Kraft og krefter i norsk journalistikk
- 22. juli i norsk diktning og journalistikk

Hovedmål

Fornyning

Tittel/omtale av mål

Avklare framtidig samarbeid/ samanslåing

Omtale av venta resultat i høve til målet

Nynorsk kultursentrum greier ut framtidig organisering, arbeidsdeling og samarbeid med andre institusjonar i 2019–2021. Nynorsk kultursentrum søkjer samarbeid med andre aktørar som arbeider for å formidle, forvalte og fornye nynorsk skriftkultur til eit nasjonalt publikum med mange ulike målgrupper.

Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok samrøystes 11. oktober 2019 at «Styret i Nynorsk kultursentrum er opne for at andre offentleg finansierte nynorsktiltak kan bli ein del av verksemda til Nynorsk kultursentrum, og bed administrasjonen ta kontakt med aktuelle aktørar for å samordne innsatsen betre. 6. desember 2019 vedtok styret «Styret gir direktøren og styreleiar fullmakt til å arbeide vidare med løysingar som kan innebere eit større samla fagmiljø for nynorsk språk og litteratur i kulturliv, skule og samfunn med hovudsete i Ørsta.»

Slik styret og administrasjonen ser det er ei samanslåing med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, som i dag er ein del av Høgskulen i Volda, det mest aktuelle. Det vil gi eit samla sterkt utoverretta fagmiljø basert i nynorsk skriftkultur. Vi trur det vil gjere begge tiltaka til betre språkpolitiske verkemidlar, og føre til auka forskning og meir medvit om ulike målgrupper.

Nynorsk kultursentrum arbeider parallelt med dette med samarbeidsavtalar med Nasjonalbiblioteket om samlingsforvaltning og Store Norske Leksikon om leksikonformidling, for å nå fleire med nynorsk leksikoninnhald enn vi gjer med Allkunne i dag.

Søknad - Mål og nye tiltak

Nye tiltak som føreset auka statleg driftstilskot (oversyn)

Prioritering	Namn på tiltaket	Søkt KUD
1	Tiltak i den nynorske randsonen	2 100
2	Nynorsk leksikon	2 000
3	Digital nynorsk til barn og ungdom	2 000

Namn på tiltaket Tiltak i den nynorske randsonen

Kostnadsoverslag i heile tusen 5 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2021
Eigenfinansiering		200
Kulturdepartementet		2 100
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		2 100
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		600
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

Nynorsk kultursentrum og Nynorsksenteret vil formidle nynorsk språk og litteratur i område der nynorsk står svakare i 2020 enn i år 2000.

Arrangement, utstillingar og kulturbaserte skule- og barnehageopplegg i desse kommunane kan vere med på å styrkje ein nynorsk identitet, og på den måten sikre nynorskbruk i områda i framtida.

Dei områda der behovet er størst er Numedal/Hallingdal/Valdres, Sør-Gudbrandsdalen, Telemark, indre delar av Agder, Nordmøre, Romsdal og dei utvida byområda ved Ålesund, Stavanger/Sandnes, Haugesund/Karmøy og Bergen.

Dokumentasjonen av nynorsk i bruk og nynorsk identitet i desse områda er også viktig. Det er ikkje gjort samtalar med folk som har budd i område der dominerande skriftspråk blir endra tidlegare.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Ein slik omfattande reiseverksemd, turneproduksjonar og dokumentasjonsarbeid vil redusere aktiviteten ved arenaene kraftig, og samstundes ikkje gjere det mogleg å ta att etterslepet når det gjeld digitalisering og tilgjengeleggjering av samlingane. Ved etableringa av basisutstillinga i Vinje i 2021 vil mykje av ressursane til utvikling av forskning, formidling og dokumentasjon gå til dette.

Derfor er det ikkje rom for ei slik satsing innafor eigne rammer. Samstundes hastar tiltaket. Stortinget har ved behandlinga av utdanningsbudsjettet for 2020 peika på at kultur- og utdanningsorganisasjonar som arbeider med nynorsk bør prioritere å styrkje nynorsk der det står svakare no enn i år 2000.

Namn på tiltaket	Nynorsk leksikon
Kostnadsoverslag i heile tusen	6 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2021
Eigenfinansiering		2 700
Kulturdepartementet		2 000
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		1 300

Grunngiving

Det er behov for ei monaleg auke til nynorsk leksikonproduksjon. Språk som kulturberar er eit av dei prioriterte måla i kulturmeldinga. For å sikre målet om nynorsk som eitt av to samfunnsberande skriftspråk må det finst digitale tekstar om eit mangfald av emne på nynorsk. Berre Nynorsk kultursentrum bidreg systematisk til å auke redigert leksikalsk innhald på nynorsk digitalt. Den nynorske kulturhistoria treng framleis betre dokumentasjon og meir formidling digitalt enn det er rom for innanfor budsjettløyvingane til Nynorsk kultursentrum i dag, og som er brukt til allkunne.no.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Nynorsk kultursentrum greier i 2020 ut å samordne ressursane til digital formidling og til kunnskapsproduksjon på tvers av dagens einingar (Aasen-tunet, Hauge-senteret, Vinje-senteret, Allkunne). Det kan gi auka samla kapasitet og tydelegare faglege prioriteringar. Samstundes har leksikonproduksjonen same tilskot som ved første tildeling (berre så vidt justert for løns- og prisvekst, ei større auke eitt år gjer at ein ligg nærmare enn ein elles kunne gjort), samstundes som talet artiklar er auka frå 700 til 26 000. Oppdateringsbehovet er stort. Formidlingsbehovet er større. Framleis manglar artiklar om mange emne på nynorsk. Derfor må dette bli gjort gjennom auka løyving.

Registrering av nye tiltak som føreset auke i statleg driftstilskot

Namn på tiltaket Digital nynorsk til barn og ungdom

Kostnadsoverslag i heile tusen 3 000

Finansieringskjelder	Søknadsbudsjett	2021
Eigenfinansiering		1 000
Kulturdepartementet		2 000
Norsk kulturråd		0
Fylkeskommune/ fylkeskommunar		0
Kommune/kommunar		0
Andre offentlege		0
Ikkje-offentleg finansiering		0

Grunngiving

Det er for lite underhaldande innhald om og på nynorsk for barn og ungdom. Nettstaden vår tunkatten.no dekkjer nokre av behova for 6–10-åringar, men for yngre og eldre ungar er tilbodet svært lite. Gjennom omdisponering av eigne midlar frå museumsverksemda opprettar stiftinga i 2020 ei heiltidsstilling som digitalformidlar. Det er behov for å utvide denne satsinga ytterlegare frå 2021. Satsinga kan gi innhald i video- og lyddeletenester, og vi vil samarbeide med forfattarar og andre kunstnarar om fleire av prosjekta.

Gjennomføring av tiltak ved omdisponering av disponible ressursar

Organisasjonen manglar kompetanse og kapasitet til å utvide den digitale verksemda i det omfanget som trengst raskt nok.

Avslutting

Har institusjonen sendt separat søknad om investeringstilskot frå posten Nasjonale kulturbygg for søknadsåret? ☒ Ja ☐ Nei

Kort omtale av kva det er søkt om

Nytt formidlings- og kontorbygg i Aasen-tunet, saman med Musea på Sunnmøre og eventuelt Nynorsksenteret.

Eg er kjent med at søknaden er offentlig.



Andre kommentarar til søknaden

Nynorsk kultursentrum passar ikkje heilt inn i dei standardiserte institusjonskategoriane i norsk kulturpolitikk. Stiftinga skil seg frå andre museum ved å møte fleire gjester på utsida av formidlingsstadene enn på arenaene. Ho skil seg òg ut ved at dokumentasjonen oftare er tal, samtalar og skrifter enn objekt og foto. Nynorsk kultursentrum er primært ei stifting som formidlar og forvaltar nynorsk skriftkultur, ikkje eit konsolidert forfattarmuseum.

Kanskje liknar Nynorsk kultursentrum mest på dei samiske språksentera og kvensk institutt. Desse sentera er språktiltak, som bruker kulturinstitusjonen sine verkemidlar for å gjennomføre formålet: arkivet, forkinga, utstilling, arrangement, digital formidling, kunnskapsdatabase. Mange av desse er også knytt til opplæring, skule og barnehage som rettleiarar og kompetansesenter.

Nynorsk kultursentrum kjem tilbake med fleire tankar og utgreiingar om vår plass i norsk kulturpolitikk i løpet av 2020.